Statens vegvesen

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Marianne Skulstad / 55516253 | 19/245097-2 | 19/1774 - 19/18529 | 12.09.2019 |

# Uttale til dispensasjonssøknad - gnr. 38 bnr. 76 Meland kommune - Refskar- veg i LNF og 100 meters belte

Vi syner til dispensasjonssøknad om bygging av veg til naust på eigedom gnr. 38 bnr. 76 i Meland kommune. Det er søkt om dispensasjon frå LNF-formål og frå byggjegrense mot sjø.

Saka gjeld bygging av veg og oppstillingsplass for bil til eksisterande naust på eigedom gnr. 38 bnr. 76 på Refskar. Tilkomstvegen vil i hovudsak liggje på naboeigedom gnr. 38 bnr. 3.

Statens vegvesen vurderer at tiltaket ikkje får vesentleg verknad for våre interesser, og har difor ingen merknad til kommunens handsaming av saka.

Det er ikkje opplyst i saka kor naustet har tilkomst i dag. Dersom kommunen vurderer at tiltaket krev løyve til utvida bruk av avkøyrsle, må det sendast søknad om dette.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*